



## Notat

Dato: 12.11.2014  
Arkivsak: 2014/15006-2  
Saksbehandlar: fromann

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Ny oppfølging av handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av sjukefråvær

Det vert vist til notat frå Sekretariat for kontrollutvalet, dater 13.05.2014, arkivsak 2014/16413-1.

Fylkesrådmannen har no hatt ein gjennomgang av status for den handlingsplanen som tidlegare er lagt fram for Kontrollutvalet, jf. Kontrollutvalet sak RS 32/14.

Fylkesrådmannen legg her fram ein ajourført handlingsplan med status pr. 6. november 2014, sjå vedlegg.

Av dei 19 tiltaka er det seks som ikkje er i hamn, og som vert følgde opp vidare inn i første kvartal 2015.

Fylkesrådmannen vil særleg peike på dei problema som er knytt til manglande ferdigstilling av statistikkprogrammet «HR Analyse» frå leverandøren si side. Leverandøren vert noe purra og følgd tett opp slik at dette kan kome på plass så snart som mogleg. Dette har vore ein sær s lang prosess med problem som ein vanskeleg kunne forutse ut frå det som vart hevda frå leverandøren i 2012. Utsettinga er svært uheldig på fleire felt, og råkar det analytiske arbeidet ein hadde planar for innan sjukefråvær, bemanning/turnover og lønskostnader. Fylkesrådmannen legg til grunn at programmet vil fungere tilfredsstillande i løpet av første kvartal 2015.

#### Vedlegg:

Handlingsplan vedr forvaltningsrevisjon av sjukefråvær, med status pr. 06.11.14

